




ÅL KOMMUNE



Årsplan for
Sundre barnehage
2023-2024



Innhald

1.0 INNLEIING	2
2.0 VERDIGRUNNLAG	3
2.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	3
2.2 Sundre barnehage	4
3.0 FORMÅL OG INNHOLD	5
3.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	6
3.2 Sundre barnehage	7
4.0 ARBEIDSMÅTAR OG PROGRESJON	8
4.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	8
4.2 Sundre barnehage	8
5.0 BARNS MEDVERKNAD	9
5.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	9
5.2 Sundre barnehage	9
6.0 UTVIKLINGSOMRÅDE	10
6.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	10
6.2 Sundre barnehage	11
7.0 SAMARBEID	13
7.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	13
7.2 Sundre barnehage	13
8.0 OVERGANG	14
8.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	14
8.2 Sundre barnehage	14
9.0 VURDERING	15
9.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	15
9.2 Sundre barnehage	15
10.0 TRAFIKKTRYGGLEIK.....	16
10.1 Oppvekstsektoren i Ål Kommune	16
10.2 Sundre barnehage	16
11.0 BÆREKRAFT	17
11.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	17
11.2 Sundre barnehage	17

1.0 INNLEIING

Ål kommune ynskjer at barn og føresette i dei kommunale barnehagane skal oppleve å møte ein felles kvalitet på det pedagogiske arbeidet i barnehagane. Det er utarbeidd felles årsplan med ein generell del og ei konkretisering av den enkelte barnehages pedagogiske arbeid.

Ny rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver vart satt i verk frå 1.august 2017 og er ein forskrift til barnehageloven. Årsplan skal synleggjere korleis barnehagen omset føringane frå rammeplanen og oppvektsektoren sitt styringsdokument til pedagogisk praksis. Figuren til høgre viser samanhengen.

Årsplan skal ha fleire funksjonar:

- arbeidsreiskap for personalet for å styre barnehagen i ein bevisst pedagogisk retning
- eit utgangspunkt for at føresette skal ha høve til å påverke innhaldet i barnehagen
- grunnlag for kommunens tilsyn med barnehagen
- informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til eigar, politikarane, kommunen, barnehagens samarbeidspartar og andre interesserte

Lov om
barnehage

Rammeplan
for
barnehagens
innhald og
oppgåver

Betre læring
i Ål,
2022-2025

Årsplan

Lokale
planar

2.0 VERDIGRUNNLAG

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. (...) Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhørsle og anerkjening og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfold og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Rammeplan 2017, s. 7.

2.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

I oppvekstsektoren i Ål er Betre læring styringsdokument der visjonen er: *Alle som veks opp i Ål skal bli flygedyktige og rotfaste.*

Hovudmål: *I eit inkluderande oppvekstmiljø der alle ser og blir sett, får kvar enkelt kraft til å meistre eigne liv.* Vidare har vi to kvalitetsmål:

Tett og tidleg på - I Ål kommune skal satsinga på tidleg og tverrfagleg innsats bidra til at alle elevane som går ut av ungdomsskulen fullfører vidaregåande løp. Støtte og hjelp på eit tidleg tidspunkt når barn og unge trenger det, og førebyggjande tiltak skal prioriterast.

Læringsutbytte - Tilsette legg vekt på å stimulere og synleggjere ressursane til alle barn, unge og voksne. Me må i fellesskap støtte opp om barn og unge sin kompetanse i å lære, motivere dei og hjelpe dei til å utvikle strategiar for å handtere utfordringar, evaluere seg sjølv, utvikle forståing for at læring krev innsats og uthald, slik at dei etter kvart kan utvikle haldningar og forventningar om at «Eg kan lære meir!»

Betre læring 2022-2025



Fig.1: Mål og utviklingsområder i Betre læring vist som ein modell.

2.2 Sundre barnehage

Verdigrunnlaget for Sundre barnehage består av **visjon, pedagogisk grunnsyn og arbeidsmåtar**. Dette dannar grunnlaget for vår pedagogiske praksis. Verdigrunnlaget er styrande for arbeidet i barnehagen og ligg som ei ramme kring verksemda. Inni ramma skal barn, tilsette og føresette ha plass til medverknad. Me har årleg evaluering av verdigrunnlaget, sett opp mot rammeplan, Betre læring og satsingsområda i sektoren.

Ein **visjon** vert definert som «eit bilet av ein framtidig, ønska tilstand», ei slags ledestjerne. Visjonen til Sundre barnehage er:



Bilde 1 Lånt av Pixaby

Tilsette som støttar og er saman med barna i leik og aktivitet gjennom dagen gjer at barna trives og utviklar seg. Denne støtta er del av ei heilskapleg tilnærming til læring.

Pedagogisk grunnsyn vert definert som «den verkelegheitsoppfatning, dei verdiar og haldningar som ligg til grunn for den pedagogiske verksemda». I Sundre barnehage:

- skal me sjå på alle menneske som like verdifulle og møte kvarandre med varme, interesse og respekt. Det gjeld i alle møter mellom barn-barn, barn-voksen, voksen-voksen
- skal gode møter mellom menneske hjelpe barna til å utvikle evna til å balansere individuelle behov opp mot gruppas behov
- ser me på leik som barnas viktigaste aktivitet, i samhandling med andre barn og tilsette
- ynskjer me ein kvardag der positivitet og glede står i fokus

Arbeidsmåtar vert omtala i kap. 4.

3.0 FORMÅL OG INNHOLD

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskarkrøng. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. (...) Barnehagen skal vere ein kulturarena der barna er medskaparar av sin eigen kultur i ein atmosfære prega av humor og glede.

Rammeplan 2017, s.19.

Omsorg	Leik
Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vera trygge og trivast og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barna skal oppleve at dei blir sett, forstått og respektert, og at dei får den hjelpe og støtta som dei har behov for. Det skal leggjast til rette for omsorgsfulle relasjoner mellom barn-barn og barn-vaksen.	Leiken ute og inne skal ha ein sentral plass i barnehagen og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin kultur. Leiken skal vera ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.
Danning	Læring
Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet.	Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre si læring i eit stimulerande miljø.
Vennskap og fellesskap	Kommunikasjon og språk
Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov.	Barnehagen skal vera bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen.

3.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Godt psykososialt barnehagemiljø

«Barnehagen skal bidra til barnas trivsel, livsglede, mestring og følelse av egenverd og forebygge krenkelser og mobbing. Om et barn opplever krenkelser eller mobbing, må barnehagen håndtere, stoppe og følge opp dette.»

Rammeplan 17, s. 11

Dette ansvaret er forsterka gjennom Lov om barnehager, kapittel VIII som trådte i kraft fra 1.1.2021.

Planen «Godt psykososialt barnehagemiljø» og “Rutine for å ivareta eit godt psykososialt barnehagemiljø” er utarbeidd av barnehagefagleg ansvarlege i Hallingdal og er gjeldande for alle barnehagane. Dokumenta konkretiserer innhaldet i desse paragrafane:

- § 41 ”Nulltoleranse og forebyggande arbeid”,
- § 42 ”Plikt til å sikre at barnehagebarna ha et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø”
- § 43 ”Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn”

Sjå elles kvalitetsmåla i styringsdokumentet «Betre læring» i kapittel 1.5.

Ål kommune er ein nynorsk kommune

- Barna i barnehagen skal bli kjent med nynorsk i muntleg og skriftleg form
- Barna får erfaring og kjennskap til hallingdialekta, andre dialekter og det språklege mangfaldet i den enskilde barnehage
- Dei føresette får informasjon om at barna vil møte nynorsk som hovudmål i skula. Og at alle elevar i norsk skule skal lære seg to skriftspråk (nynorsk og bokmål)
- Barnehagen følgjer retningslinjene i ”målbruksplan for Ål kommune”.

3.2 Sundre barnehage

Vår pedagogiske praksis er basert på føringar frå rammeplanen og det er vanskeleg å skille dei seks områda i kvardagen. Dei flyt over i kvarandre. Danninga skjer i eit fellesskap med andre der også vennskap slår rot og utviklar seg. Kvardagen med omsorg, leik og læring er også ein hovudarena for god språkleg utvikling. Det å kunne kommunisere med andre er vesentleg for å føle seg sett og forstått. Kvardagen i barnehagen inneholder alle desse områda og barn og tilsette er saman på denne «reisa».

Omsorg	Leik
<ul style="list-style-type: none"> • Tilvenning med faste tilsette som barna vert trygg på • Ta barna sine kjensler på alvor • Tilsette som ser barna og tek seg tid til å forstå 	<ul style="list-style-type: none"> • Leik som barnas viktigaste aktivitet • Tilsette som er deltagande • Tilsette som kan variere med å gå foran, ved sida og bak etter behov
Danning	Læring
<ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging og rettleiing i kvardagen • Autoritative tilsette (omsorgsfulle og tydelege) • Gi barna høve til å skinne og øve på balansen mellom individ/gruppe 	<ul style="list-style-type: none"> • Bygge vidare på barnas interesser • Tilføre ny kunnskap i «barnets arkiv» • Variere mellom leik og tilrettelagte aktivitetar
Vennskap og fellesskap	Kommunikasjon og språk
<ul style="list-style-type: none"> • Verdsetje barnas vennskap • Skape gode arenaer for relasjonsbygging • Ha fokus på at alle er ulike, men har ei plass i gruppa • Sosiometrisk kartlegging og kontaktbarometer 	<ul style="list-style-type: none"> • Skape eit rikt språkleg miljø • Tilsette som gode modellar • Betre språk med ti tema • Teikn til tale • BU (begepsundervisning)

4.0 ARBEIDSMÅTAR OG PROGRESJON

«Arbeidsmåtane skal vareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke. Personalelet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtane skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet.»

Rammeplan 2017, s. 43.

«Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang.»

Rammeplan 2017, s. 44.

4.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Oppvekstsektoren i Ål arbeider etter føringane i rammeplanen på dette området. Aksjonslæring er ein ny arbeidsmåte alle barnehagane har tatt i bruk. Det er læreprosessar der dei tilsette reflekterar over eigen praksis og prøver ut nye tiltak.

4.2 Sundre barnehage

Arbeidsmåtar:

Arbeidsmåtar kan definerast som « metoden den vaksne vel at barnet skal nærme seg innhaldet på - læringa sitt kva, korleis og kvifor». I Sundre barnehage skal arbeidsmåtane vera ein variasjon mellom barnas eigenvalte leik og aktivitetar skissert av tilsette. Det skal vera plass til både barn, tilsette og føresette sin medverknad. Det betyr at noko må vera fastsett og bestemt, men med plass til å kunne «gripe dagen» og vere spontane. Det krev noko struktur, men heile tida refleksjon og vurdering av kor mykje ein skal planlegge. Tilsette må ta i bruk ulike arbeidsmåtar som er tilpassa enkeltbarnet, gruppa og situasjonen.

For å sikre varierte arbeidsmåtar må dei tilsette:

- arbeide med hovud, hjarte og hender: ha fagleg kunnskap, omsorg og tydelegheit, evne og vilje til å utøve dette i god praksis
- arbeide styrkebasert; forsterke det som er bra
- delta i leik og aktivitet ute og inne
- ha arbeidsglede og endringsvilje
- vise interesse og engasjement, både i det som oppstår spontant og i det fastsette

Progresjon:

Progresjon kan definerast som «jamn framgang, utvikling, gradvis auke av vanskegrad». I Sundre barnehage er barna fordelt etter alder på avdelingane. Dei tilsette har ansvar for å skape eit læringsmiljø med leiker og utstyr, opplegg og aktivitetar som passar barnas alder, modning og interesser. Læringsmiljøet bør ha ein base med faste grunnelement, men også synleggjera tema og fagområde det vert arbeidd med.

For å sikre progresjon må dei tilsette:

- skaffe seg informasjon og kunnskap om ulike tema og dele kunnskap med barna og kvarandre
- legge til rette for utvikling gjennom det pedagogiske læringsmiljøet, der alder og modning vert vurdert
- bruke metodar som observasjon, kartlegging og Barnesamtaler til å evaluere praksis

5.0 BARNS MEDVERKNAD

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Barna skal få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av verksemda. Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaringar, føresetnader og behov til barna. Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modning. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.»

Rammeplan 2017, s. 27.

5.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Oppvekstsektoren i Ål arbeider etter føringane i rammeplanen på dette området.

5.2 Sundre barnehage

Barn har rett til å uttrykkje seg og ha innverknad på alle sider av livet i barnehagen. Dei skal stimulerast til å tenkje sjølv og oppmuntrast til å gi uttrykk for tankar og meininger. Barna sin rett til medverknad krev at personalet har evne til å ta imot det barna kjem med og at det er arenaer for å ta det med vidare i kvardagen. Det krev tilsette som er fleksible og opne for barna sine innspel og som syner oppriktig interesse og respekt for barneperspektivet.

For å sikre barnas medverknad må dei tilsette:

- praktisere ein kvardag der det er tid og rom for at barna ut frå alder og modning kan delta i planlegging, gjennomføring og evaluering.
- presentere nye aktivitetar og materiell, slik at barna sitt «arkiv» stadig vert utvida og dei får eit aukande repertoar.
- observere og tolke barna sitt kroppsspråk og barna sine handlingar.
- lytte til barna.


6.0 UTVIKLINGSOMRÅDE

«Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar.»

Rammeplan 2017, s. 15.

6.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Styringsdokumentet Betre læring har uttalte innsatsområder for planperioden. Utviklingsområda endrar seg i takt med nasjonale føringar og lokale behov.



Aksjonsplanen rammar inn utviklingsområda som er felles for barnehagane, men gir samtidig kvar enkelt eining rom for å reflektere, aksjonere og lære, ut i frå avdelinga sine behov. Kjernekomponentane leik, autoritative tilsette og styrkebasert tankesett skal prege våre utviklingsområder:

Inkluderande barnehage – og skolemiljø er eit nasjonalt læringsmiljøprosjekt, som Hallingdal – og Ål – byggjer vidare på, med tema førebygging, avdekking og handtering av utestenging, krenking og mobbing.

Heilstapleg læring med «naturen som læringsarena» for å skape inkluderande læring, er eit satsingsområde barnehagane i Ål har i samarbeid med Høgskula på Vestlandet i år. Barnehagane har satsing innanfor eit valt tema og får fagleg kompetanse og rettleiing på dette.

Ål kommune sin «Handlingsplan for bruk av digitale verktøy og arbeid med digital kompetanse i barnehagane 2021-2025» beskriv korleis barnehagane skal arbeide med **pedagogisk bruk av IKT**. Barnehagane skal nytte teknologi for å utforske naturen, skape undring og rom for

kreativitet, jobbe med digital dømmekraft og utjamne forskjellar ved å gi alle barn grunnleggande digitale ferdigheiter.

6.2 Sundre barnehage

Ein lærande organisasjon vil heile tida vera i endrings – og utviklingsprosessar. Det tyder at me må leggje vekk noko, ta med oss gode erfaringar vidare og tilføre nye moment. Målet er at personalgruppa skal vere eit lærande fellesskap og ha ei forståing for endringsbehov. Det er samtidig viktig å balansere «ro til å arbeide» opp mot mengda av utviklingsprosjekt. For å ha ein barnehage med god kvalitet kreves det både individuelle refleksjonar over eigen praksis og ei deltaking i kollektive utviklingsprosessar.

I Sundre barnehage:

- har me evne og vilje til fornying i ein positiv undringskultur
- skaper me samanheng mellom nye og eksisterande moment, som ein raud tråd.
- skal me tilegne oss ny fagkunnskap, dele kunnskap med kvarandre og sjå dette i samanheng med praksis
- nyttar me aksjonsforskning og har pedagogisk årshjul

For barnehageåret 2023-24 er dette område me skal arbeide spesielt med:



Inkluderande barnehage -og skolemiljø:

Dette er eit område for både oppvekstsektoren og Sundre barnehage som me ser på som overordna i vårt pedagogiske arbeid.

Dersom ein har eit godt forebyggande barnehagemiljø, så vil ein i liten grad ha behov for å arbeide med avdekking og handtering av utesetting, krenking og mobbing. Frå modellen under 6.1 , er det kjernekomponentane der som er plassert i vår gullramme som tema for internt utviklingsarbeid.

Leik:

Den viktige leiken har me vore inne på fleire gonger i denne årsplanen. Etter fleire år med større utviklingsprosjekt med andre tema, ynskjer me no å heve kompetansen på leik; leikens betydning i barnehagen, fysisk leikemiljø ute og inne og tilsette si rolle i leik. Dette er eit samansett og stort område der me må sjå på kva me faktisk gjer og utvikle oss både fagleg og i praksis vidare.

Autoritativ vaksenrolle:

Omgrepet tyder omsorgsfulle og tydelege tilsette. Tilsette som er med barna i leik og aktivitet, både ute og inne, er viktig. Som tilsett må ein heile tida vurdere kva for rolle ein tek i høve barnet. Skal ein skal gå foran og vise veg, skal ein gå ved sidan og delta eller skal ein gå bak og ha ei observerande rolle. Tilsette skal i liten grad gå bak, men mest gå ved sidan eller foran. Tilsette som er saman med barn i leikens verden vil oppnå ein relasjon som er ein føresetnad for å kunne gi god omsorg og regulere ved behov.

Styrkebasert tenkesett:

«Det er en relasjonell tilnærming til lærings- og endringsarbeid, med vekt på å ta i bruk hver enkelt sine styrker. Læringsglede, stolthet og nysgjerrighet blir utløst. Dette bidrar til å skape resultater utover det forventede. Det utvikles relasjonell ansvarlighet, hvor vi sammen tar ansvar for å skape et inkluderende læringsfellesskap.»

Å jobbe styrkebasert:

- *Er et kontinuerlig læringsarbeid*
- *Innebærer å endre tenkesettet fra å være defensiv til offensiv og konstruktiv*
- *Blir knyttet til teori fra blant annet positiv psykologi*
- *Tar utgangspunkt i styrkebasert aksjonsforskningsmodell: [Appreciative Inquiry \(AI\)](#)*
- *Bygger på læringsledelse i stedet for styringsledelse*
- *Innebærer systematiske undersøkelse av når organisasjoner og mennesker fungerer på sitt aller beste*
(Ung Invest)

Styrkebasert tenkesett tyder dermed å gjera meir av det som fungerer, forsterke det og gjerne overføre det til andre samanhengar. Det gjeld på alle områder i barnehagen, mellom alle som er involvert.

Arbeidsglede og gleding:

I ein kvardag der me er raus med kvarandre og vil kvarandre vel, vil ein oppleve å kjenne seg som ein del av eit større fellesskap. I fellesskapet vil ein oppleve tilhørighet og anerkjening. Verdien av fellesskapet vil bidra til arbeidsglede for tilsette og ein kvardag der glede, latter og gode øyeblikk har plass. Gleding er eit uttrykk som Siri Abrahamsen lanserte, som det motsatte av mobbing. Gleding er noko barna kan forhalde seg til og nytte i barnehagen og nærmiljøet elles.

7.0 SAMARBEID

«Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.»

Rammeplan 2017, s. 29.

«Styraren skal sikre at barnehagen har innarbeidd gode rutinar for å samarbeide med relevante institusjonar, slik som skulen, helsestasjonen, den pedagogisk-psykologiske tenesta og barnevernet.»

Rammeplan 2017, s. 16.

7.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Samarbeid mellom heimen og andre hjelpeinstansar er viktig i arbeidet for barnets beste. For å sikre samarbeid har Ål kommune desse føringane:

I «**Trygg oppvekst Ål**» nyttar ein på individnivå ein samhandlingsmodell kalla betre tverrfagleg innsats (BTI-modellen). Den sikrar heilskapleg og koordinert innsats mellom hjelpetenestene. Det er ein samhandlingsmodell for tilsette i sektoren og skisserer handlingskjeden når undring oppstår. Modellen sikrar at føresette blir tidleg involvert og at det alltid er ein som har ansvar for framdrift i saka.

I «**Nettverk for føresette**» er målet er å styrke og trygge samarbeidet mellom føresette til beste for barn og unge. Nettverket skal vere ein møteplass der ein kan få ny kompetanse og dele erfaringar om daglegdagse og felles utfordringar knytt til aldersgruppa og rolla som føresett, og inngår i «Rutine for nettverk for føresette».

7.2 Sundre barnehage

Med samarbeid meiner ein regelmessig kontakt der det vert utveksla informasjon og der ein drøftar spørsmål knytt til trivsel og utvikling hjå barnet og til den pedagogiske verksemda.

Med barnets beste som mål, vert både uformelle og formelle arenaer for samarbeid viktig. I botnen må det ligge tryggleik, gjensidig respekt og anerkjenning for kvarandre når det gjeld ansvar og oppgåver i høve barnet. For å skape eit godt samarbeid med føresette må tilsette i Sundre barnehage:

- vise interesse for å lære barnet og dei føresette å kjenne
- oppleve at føresette viser interesse attende i samarbeidet om barnet og barnehagen
- ha tid til dialog om barnet og kvardagen ved levering og henting
- ha rutinar for gjennomføring av samtaler med føresette og andre møter ved behov
- nytte app som informasjonskanal og oppleve det same attende
- få nødvendig informasjon om endringar i barnets liv som det er viktig å vite noko om

Samarbeid med heimen er eit gjensidig ansvar for tilsette og føresette. Det skal vera låg terskel for å ta kontakt med kvarandre for å gjera avklaringar til barnets beste. I tillegg til punkt over har me meir formelle stader der føresette har ei samarbeidsrolle:

- FORELDRERÅD som består av alle føresette i barnehagen
- FAU er arbeidsutval for foreldrerådet. FAU kan kalle inn til foreldrerådsmøte dersom dei ynskjer å drøfte saker med heile foreldregruppa. FAU kan drøfte saker, men er utan beslutningsmyndighet. Dei kan bringe saker vidare til SU. FAU har ansvar for ulike arrangement og skal vera ein pådrivar for nettverk for føresette
- SU; samarbeidsutval, tek avgjersler som er viktige for heile barnehagen. Det er eit utval samansett av føresette, tilsette og politisk representant

Sundre barnehage har samarbeid med ulike hjelpeinstansar, ofte representert ved primærkontakt. Med hjelpeinstansar meiner ein t.d. helsestasjon, PPT, psykisk helse, fysioterapeut (Familiens hus), og barnevern, men også andre med spesifikk fagkompetanse. Slikt samarbeid har barnets beste som utgangspunkt og arbeidet involverer vanlegvis føresette, men kan også vera systemarbeid t.d. på ein avdeling.

8.0 OVERGANG

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen, overgang mellom avdelingar, overgang til skule og skulefritidsordning (SFO). (Rammeplan 2017, s. 33).

8.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Det er utarbeidd ”Overgangsplan for oppvekstsektoren i Ål kommune”. Den inneholder mellom anna rutine ved overgang frå barnehage til barnehage og frå barnehage til barneskule.

Sjå eigen plan på heimesida til Ål kommune.

8.2 Sundre barnehage

Fokuset på overgangar skal skape tryggleik for barn og føresette. Samarbeid og informasjonsflyt vert vektlagt. Det er fleire overgangar i barnehagetida:

- Den fyrste overgangen er tilvenninga frå å vera heime med føresette til ein kvardag i barnehagen. Dette må tilpassast kvart barn og familie og vert omtala i informasjonsheftet vårt
- Bytte frå ein avdeling til ein annan eller frå ein barnehage til ein annan er også overgangar me har fokus på og som det er rutinar for i overgangsplanen. Også her er tryggleik, samarbeid og informasjon viktige stikkord
- Dei eldste barna i barnehagen vert omtala som skulestartarar og gruppa heiter «Tannlausen». I år er dei ein fin, liten gjeng med base på avdeling Stugu. Det skal vera

spennande og kjekt å vera skulestartar! Tannlausen har «klubb» ei gong i veka. Sundre barnehage har samarbeid med Sando barnehage og Skattebøl barnehage fordi desse tre barnehagane skal sende skulestartarar til Nedre Ål skule. Det er laga eit årshjul i overgangsplanen som skal sikre eit trygt og likt tilbod til alle skulestartarane i kommunen. Me har også eit samarbeid utover punkta i overgangsplanen, med treff i barnehagane, turar og andre aktivitetar.

9.0 VURDERING

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

(Rammeplan 2017, s 38).

9.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Formålet med vurdering er å vurdere om ein driv verksemd i tråd med fastsette mål. Vurdering er også til hjelp for å vere ein organisasjon i positiv utvikling, ein lærande organisasjon.

Oppvekstkontoret i Ål kommune nyttar desse formane for vurdering:

- Evaluering av handlingsplan «Betre læring»
- Strategikonferanse og dialogmøte
- Medarbeidarundersøking og foreldreundersøking
- Tilsyn

9.2 Sundre barnehage

I Sundre barnehage nyttar me fleire former for vurdering, både underveis med barn og tilsette og meir systematisk vurdering halvårleg og årleg. Kvaliteten i samspel, utvikling og pedagogisk innhald er faktorar ein må ha søkelyset på.

Planmessig vurdering er når me systematisk samlar inn opplysningar for å kunne reflektere over praksis og utvikling i barnehagen. Resultatet av dette må ein sjå i samanheng med føringar i plan -og lovverk. Barn, føresette og tilsette si meining og stemme skal vere med i vurderingsarbeidet og resultatet skal vere med i den systematiske utviklinga av barnehagen.

For at Sundre barnehage skal vera ein lærande organisasjon er dette punkt i vurderingsarbeidet:

- Daglege samtaler mellom barn, tilsette og føresette
- Interne møter; avd.møte, leiarmøte, personalmøte
- Barnesamtaler, foreldresamtaler og medarbeidersamtaler
- Undervegsvurdering av område og tema i årsplan, handlingsplan og årshjul

- Halvårvurdering og årvurdering
- Brukarundersøking og medarbeidarundersøking

10.0 TRAFIKKTRYGGLEIK

Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt. (Rammeplan 2017, s 56).



10.1 Oppvekstsektoren i Ål Kommune

Ål kommune vart den 16. september 2015 godkjent som ei trafikksikker kommune. For barnehagar er det eit krav om at trafikktryggleik er synleggjort i årsplan og eigne rutinar.

10.2 Sundre barnehage

Barn under skulealder er ikkje modne nok til å ta ansvar for seg sjølv i trafikken. Dei vaksne er difor viktige rollemodellar for utvikling av gode haldningar til trafikktryggleik. Tilsette og føresette må nytte gode høve til å reflektere og samtale med barna t.d. om sikring i bil, kvar skal gåande og køyrande vera plassert, vise varsemd og vera merksam.

Sundre barnehage har rutinar for ferdsel utanfor gjerdet og skriv om det i informasjonsheftet vårt. Slik arbeider me med trafikktryggleik i Sundre barnehage:

- tilsette som gode modellar og rettleiarar i all ferdsel utanfor gjerdet.
- kjennskap til og praktisering av «Rutine for trafikktryggleik og opphold utanfor barnehagen».
- ekstra fokus på trafikktryggleik for skulestartarane.

11.0 BÆREKRAFT

«Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærar av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen.»

Rammeplan 2017, s. 52



11.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Ål kommune er i 2023 i ferd med å verta sertifiserte som miljøfyrtårn. Ved å vera miljøfyrtårn bidreg barnehagane aktivt til ei berekraftig framtid.

11.2 Sundre barnehage

I Sundre barnehage er me delaktige i arbeidet mot miljøsertifisering Ål kommune. I vår kvardag består det av mellom anna av å kjeldesortere og ta bevisste val omkring innkjøp. Det viktigaste område er likevel gode samtalar og refleksjonar mellom barn og tilsette om gode miljøval i kvardagen og vår praksis i dette. Gode haldningar i barnehagen bidreg til ein byrjande miljøbevisstheit hjå barna, som ein kan bygge vidare på.